



STORTINGET

# Stortingstidende

## Referat fra møter i Stortinget

Nr. 80 · 12. mai  
Sesjonen 2022–2023



**Møte fredag den 12. mai 2023 kl. 9**

President: Svein Harberg

Dagsorden (nr. 80):

1. Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i utlendingsloven (fjernmøter i Utlendingsnemnda mv.) (Innst. 325 L (2022–2023), jf. Prop. 67 L (2022–2023))
2. Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i kommuneloven m.m. (arbeidsutvalg og valg i folkevalgte organer) (Innst. 324 L (2022–2023), jf. Prop. 60 L (2022–2023))
3. Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i lov om interkommunale selskaper (møteoffentlighet, økonomiforvaltning m.m.) (Innst. 323 L (2022–2023), jf. Prop. 61 L (2022–2023))
4. Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i Finnmarksloven (endringer som følge av delinga av Troms og Finnmark fylke) (Innst. 322 L (2022–2023), jf. Prop. 62 L (2022–2023))
5. Interpellasjon fra representanten Anne Kristine Linnestad til kommunal- og distriktsministeren: «Solberg-regjeringen prioriterte digitalisering av offentlig sektor for å forenkle, fornye og forbedre hverdagen for innbyggere og næringsliv. Det ble blant annet investert i digitale fellesløsninger og innført insentiver for samarbeid og innovasjon på tvers av sektorer og forvaltningsnivåer. En offentlig sektor som ikke henger med i svingene på digitalisering vil medføre store kostnader og ulemper for folk og bedrifter. Hva gjør regjeringen for å fortsette arbeidet med å modernisere offentlig sektor?»
6. Referat

**Presidenten [09:00:13]:** Representanten Audun *Lysbakken*, som har vært permittert, har igjen tatt sete.

Fra Høyres stortingsgruppe foreligger meddelelse om at den innvilgede permisjonen for representanten Lene *Westgaard-Halle* fra og med 18. april og inntil videre er endret til å gjelde til og med 12. mai. – Denne meddelelse tas til etterretning.

Det foreligger en rekke permisjonssøknader:

- fra Arbeiderpartiets stortingsgruppe om permisjon for representanten Åsmund *Aukrust* og fra Høyres stortingsgruppe om permisjon for representanten Hårek *Elvenes* – begge i dagene 15. og 16. mai for å delta på COSAC-møte for europakomiteene i nasjonale EU-parlament i Stockholm
- fra Høyres stortingsgruppe om permisjon for representanten Ine *Eriksen Søreide* i tiden fra og med 14.

til og med 16. mai for å delta på møte for lederne av forsvarskomiteene i Norden, Baltikum, Polen og Tyskland, i Berlin

- fra Fremskrittspartiets stortingsgruppe om velferdspolispermisjon for representanten Terje *Halleland* mandag 15. mai
  - fra Høyres stortingsgruppe om permisjon etter Stortingets forretningsorden § 5 annet punktum for representanten Erlend *Larsen* fra og med 15. mai og inntil videre
  - fra Høyres stortingsgruppe om permisjon for representanten Lene *Westgaard-Halle* mandag 15. mai for å delta på møte i den parlamentariske østersjøkonferansens arbeidsgruppe om klima og miljø i Gdansk, i Polen
  - fra Høyres stortingsgruppe om permisjon for representanten Ingjerd *Schou* i dagene 15. og 16. mai for å delta på møter i Europarådets parlamentarikerforsamling i Reykjavik
- Disse søknader foreslås behandlet straks og innvilget. – Det anses vedtatt.

Fra første vararepresentant for Akershus, Tore *Vamraak*, foreligger søknad om fritak for å møte i Stortinget under representanten Hårek *Elvenes'* permisjon, grunnet foreldrepermisjon.

Etter forslag fra presidenten ble enstemmig besluttet:

1. Søknaden behandles straks og innvilges.
2. Følgende vararepresentanter innkalles for å møte i permisjonstiden slik:

For Akershus: Anita *Patel* 15. mai, Tobias Hangaard *Linge* 16. mai og Kari Sofie *Bjørnsen* 15.–16. mai

For Oslo: Michael *Tetzschner* 15.–16. mai

For Rogaland: May Helen Hetland *Ervik* 15. mai

For Vestfold: Henning *Wold* 15. mai og inntil videre og Renate Sølversen *Berge* 15. mai

For Østfold: Fredrik *Holm* 15.–16. mai

Sak nr. 1 [09:02:47]

*Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i utlendingsloven (fjernmøter i Utlendingsnemnda mv.)* (Innst. 325 L (2022–2023), jf. Prop. 67 L (2022–2023))

**Presidenten [09:03:00]:** Etter ønske fra kommunal- og forvaltningskomiteen vil presidenten ordne debatten slik: 3 minutter til hver partigruppe og 3 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det ikke bli gitt anledning til replikker, og de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får også en taletid på inntil 3 minutter.

**Siri Gåsemyr Staalesen (A) [09:03:33]** (ordfører for saken): Vi behandler i dag en proposisjon fra regjeringen som foreslår endringer i utlendingsloven. Proposisjonen inneholder forslag til regler som åpner for at Utlendingsnemnda kan avholde nemndmøter uten at alle deltakerne er fysisk til stede, dvs. såkalte fjernmøter. Hovedregelen skal imidlertid fremdeles være fysiske nemndmøter. Det fremmes videre forslag til særregler om avgjørelsesform i UNE i saker som gjelder klage over avslag på tilskudd til assistert retur og tvangsretur, i tillegg til enkelte endringer som gjelder oppnevning av nemndmedlemmer og oppnevning av faste nemndmedlemmer til stornemnda.

Forslaget åpner for at det i forskrift kan gjøres unntak fra lovens regler om avgjørelsesform i UNE, herunder at det kan overlates til UNEs direktør å gi nærmere retningslinjer om hvordan de aktuelle sakene skal behandles og avgjøres, og fastsettes at gjeldende bestemmelser om avgjørelser i nemndmøte eller av nemndledere som selvstendige beslutningfattere mv. ikke får anvendelse.

Så vil jeg vise til en retting. I proposisjonen foreslås det at § 78 annet ledd første punktum skal lyde: «Ved behandling av saker i stornemnd deltar nemndledere og fire nemndmedlemmer.» Gjeldende § 78 annet ledd første punktum lyder: «Ved behandling av saker i stornemnd deltar tre nemndledere og fire nemndmedlemmer.»

Det er ikke foreslått endringer knyttet til denne bestemmelsen i proposisjonen, så vi anser det bare som en åpenbar inkurie at ordet «tre» har falt ut i lovforslaget, og foreslår at det tas inn i § 78 annet ledd første punktum.

**Birgit Oline Kjerstad (SV) [09:05:38]:** SV og eg er glade for at regjeringa i denne proposisjonen, som handlar om endringar i utlendingslova, møte i Utlendingsnemnda UNE og fjernmøte, foreslår endringar som inneber ein styrkt rett for utlendingane og deira advokatar og partshjelparar til å møte for stornemnda. Det vil innebere ei styrking av rettstryggleiken til menneske i ein sårbar situasjon, og eg håpar at departementet vil leggje fram den varsla forskriftsendringa ganske raskt.

SV meiner at regelen bør vere at nemndmøte blir haldne med alle møtedeltakarane samla på same staden, då det er den møteforma som vil fungere aller best i desse sakene. God kommunikasjon er avgjerande både for den som skal møte, og for dei som skal behandle saka. Det å møtast andlet til andlet i ein samtale reduserer faren for at det oppstår misforståingar og feiltolkningar. Misforståingar kan lett oppstå på grunn av språkproblem og den spente og vanskelege situasjonen menneske som møter i stornemnda, er i. Vi meiner likevel det er føremålstenleg å ha ein heimel for å kunne gjennomføre

digitale fjernmøte i dei sakene der det kan fungere. Når det er formulert slik at den det gjeld, skal informerast på førehand og godta denne møteforma for at det skal brukast, støttar vi forslaget om at ein slik heimel blir teken inn i lova.

SV støttar derimot ikkje forslaget om endring i reglane om klagebehandling i UNE i saker om tilskot til retur. Vi viser til høyringsinnspel frå NOAS på dette punktet. SV er einig med høyringsinstansen i at det er viktig at prinsipielle spørsmål om tilskot til retur kan handsamast av ei nemnd, og at det er reglar som sikrar dette. Men vi vil stemme imot lovforslagets § 76 andre ledd andre punktum og § 90 a nytt ledd, som vil gje direktøren meir mynde til å avgjere korleis desse sakene skal handsamast og avgjerast.

Det blir foreslått i denne proposisjonen at ein skal gå bort frå dagens ordning med at departementet oppnemner faste nemndmedlemer til stornemnda. Vi støttar ikkje denne endringa. Vi meiner, som NOAS, at det å trekkje ut tilfeldige nemndmedlemer i staden for å utnemne folk med god kunnskap og erfaring kan svekkje kompetansen i stornemnda. Med denne endringa risikerer ein at kvaliteten på avgjerdene blir dårlegare, fordi det er vanskelege saker og krevjande å behandle dei. Vi vil difor behalde § 78 andre ledd i lov av 15. mai 2008, om utlendingars åtgang til riket og opphald her, og vi fremjar difor eit alternativt forslag om denne paragrafen.

**Presidenten [09:08:33]:** Da har representanten Birgit Oline Kjerstad tatt opp det forslaget hun refererte til.

**Tobias Drevland Lund (R) [09:08:43]:** Nå har representanten Kjerstad gjort ganske godt rede for hvordan Rødt og SV stiller seg til denne saken, så jeg nøyer meg bare med en liten stemmeforklaring.

For Rødts del støtter vi forslaget om hjemmel som skal gjøre det mulig å avholde nemndmøter i UNE som fjernmøter, samt at det skal foreligge samtykke fra utlendingen til å delta ved gjennomføringen av slike fjernmøter. Det vi derimot ikke støtter, er forslaget om å endre reglene for klagebehandling i UNE i saker om tilskudd til retur. Vi støtter ikke forslaget til endring av oppnevning av stornemndmedlemmer. Derfor har Rødt og SV fremmet et eget forslag til § 78 annet ledd i gjeldende lov. Rødt stemmer altså imot § 76 annet ledd annet punktum, § 78 annet ledd og § 90 a nytt tredje ledd.

Med det viser jeg til det forslaget Rødt er en del av.

**Statsråd Emilie Mehl [09:09:48]:** Nemndmøter i UNE gjennomføres i dag som fysiske møter. Det mener jeg også skal være hovedregelen framover. Samtidig registrerer jeg at det er bred enighet om å tilrettelegge for hensiktsmessig bruk av digitale løsninger. Jeg mener at

det forslaget regjeringen nå har lagt fram om adgang til fjernmøter, gir en god balanse mellom hensynet til utlendingens rettssikkerhet og praktisk forenkling, både for forvaltningen og for utlendingen selv. Jeg er glad for at en samlet komité slutter seg til dette forslaget.

Som departementet har påpekt i proposisjonen, er hovedformålet med dagens tilskuddsordning for assistert retur og tvangsretur å oppnå en rask og effektiv utreise for personer som har plikt til å forlate landet. Jeg mener det er riktig at UNEs direktør skal kunne avgjøre hvordan slike saker bør behandles og avgjøres i UNE, innenfor rammen av forvaltningslovens bestemmelser.

I proposisjonen har departementet redegjort for at det ikke gjelder noen kvalifikasjonskrav for å bli utnevnt som nemndmedlem. Jeg mener det er riktig å fastholde at nemndmedlemmer til UNE skal oppnevnes som lekmedlemmer. Det ekstra behovet for faglig tyngde i stornemnda skal i første rekke sikres ved at det deltar tre nemndledere. Departementet vil utarbeide forskrifter om at det bare er nemndmedlemmer med en viss erfaring som skal kunne velges ut til stornemndbehandling. Departementet vil også styrke retten til personlig fram møte for utlendingen, styrke møteretten for advokaten og retten for partshjelpere som NOAS og andre til å møte og inngi innlegg for stornemnda. Det vil også bli gitt rett til et økt antall timer fritt rettsråd i stornemnd-saker.

Jeg merker meg at forslaget om å styrke møteretten og retten til fritt rettsråd har blitt godt mottatt både av komiteens mindretall og av NOAS, og at NOAS er enig i at det vil styrke rettssikkerheten i sakene.

Jeg mener de samlede forslagene vil videreutvikle rammene for saksbehandlingen i UNE på en god måte. Jeg er glad for at flertallet i komiteen slutter opp om forslagene.

**Presidenten [09:11:37]:** Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 1.

Sak nr. 2 [09:11:40]

*Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i kommuneloven m.m. (arbeidsutvalg og valg i folkevalgte organer) (Innst. 324 L (2022–2023), jf. Prop. 60 L (2022–2023))*

**Presidenten [09:11:55]:** Etter ønske fra kommunal- og forvaltningskomiteen vil presidenten ordne debatten slik: 3 minutter til hver partigruppe og 3 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det – innenfor den fordelte taletid – bli gitt anledning til inntil fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen, og de som måtte

tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får også en taletid på inntil 3 minutter.

**Heidi Greni (Sp) [09:12:32]** (ordfører for saken): Først vil jeg takke komiteen for et godt samarbeid i saken, og innstillingen fra komiteen er enstemmig.

Kommuneloven fra 2018 har virket en stund. De fleste bestemmelsene i loven trådte i kraft høsten 2019, men økonomibestemmelsene trådte i kraft fra 1. januar 2020 og internkontrollbestemmelsene fra 1. januar 2021.

Loven har blitt tatt godt imot. Ifølge departementet har det vært mange tilbakemeldinger på at loven fungerer bra og er lettere å forholde seg til enn kommuneloven fra 1992. På bakgrunn av de første erfaringene med kommuneloven fra 2018 har departementet likevel blitt oppmerksom på at det er behov for noen justeringer og tydeliggjøringer i lovteksten.

Noen av lovendringene er kun av lovteknisk art, og noen innebærer innholdsmessige justeringer som har vært etterspurt fra kommunesektoren. Det pekes på at flere av lovendringene vi vedtar i dag, vil ha betydning ved konstitueringen som skal skje i kommuner og fylkeskommuner etter kommune- og fylkestingsvalget høsten 2023. Høringsinstansene er i stort enig i de endringene som foreslås.

Det foreslås at de lovpålagte medvirkningsrådene – ungdomsråd, eldreråd osv. – skal få mulighet til å opprette arbeidsutvalg. En slik lovendring er etterspurt av medvirkningsrådene og vil gjøre medvirkningsrådene bedre i stand til å ivareta sin rolle.

Proposisjonen inneholder også forslag til klargjøringer i loven. Regjeringen foreslår at det kommer tydelig fram av loven at det er kommunestyret, ikke kommunedirektøren, som ansetter eventuelle kommunale ombud. Dette er et unntak fra hovedregelen om at kommunedirektøren ansetter til stillinger i kommunen, og begrunnes med den uavhengige stillingen eventuelle kommunale ombud skal ha i kommunen.

Videre foreslås det å tydeliggjøre at det bare er medlemmene av det folkevalgte organ som har møte-, tale- og forslagsrett i organet, med mindre noe annet følger av lov. Det er en presisering av gjeldende rett. Bakgrunnen for dette forslaget er at departementet har mottatt flere spørsmål om møte-, tale- og forslagsrett, noe som tyder på at dagens regulering ikke er klar nok.

Det foreslås endringer i reglene om arbeidsutvalg. I stedet for at kommunestyret velger settemedlemmer og nye medlemmer til arbeidsutvalg, skal det folkevalgte organet som opprettet arbeidsutvalget, få myndighet til å gjøre dette.

Etter dagens regulering må rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges ved valg av settemedlemmer. Departementet foreslår å utvide kretsen av hvem som

kan velges som settemedlemmer, slik at det ikke blir et krav å følge listen over varamedlemmer – på samme måte som ved suppleringsvalg ved fritak. Det betyr at problemstillingen med at den som har behov for en lengre permisjon, kanskje føler seg presset til å søke varig fritak for å opprettholde den politiske sammensettingen i utvalget, nå vil bli eliminert. De foreslåtte endringene i reglene vil gi et mer fleksibelt system og større frihet til kommunene.

**Anne Kristine Linnestad (H) [09:15:54]:** Jeg har litt betenkninger når det gjelder å endre reglene for varamannslisten. Jeg skal overhodet ikke stemme imot. Jeg har bare lyst til å si at for oss som har holdt på lenge i kommunepolitikken og vært med på mange valg, er én ting å vinne valg, noe annet er å vinne konstituering. Når man skal konstituere, er det både politiske, partipolitiske og kanskje noen ganger litt personlige ting som gjør at man velger en vararekke. Jeg har bare lyst til å si at fra min og Høyres side er det viktig at man i størst mulig grad bruker den varamannsrekken som er, og som er valgt og er konstituert. Men jeg har absolutt forståelse for at det i enkelte tilfeller og ved lange permisjoner kan være riktig å kunne endre på rekkefølgen.

**Birgit Oline Kjerstad (SV) [09:17:15]:** Eit godt fungerende demokrati er avhengig av engasjerte innbyggjarar og gode lover og reglar som gjer at ting går føre seg på ein ryddig måte, slik at alle grupper i samfunnet kan engasjere seg og kjenne seg representerte i dei folkevalde organa. Demokrati er eit usemjefellesskap, det er å drøfte saker ope og handtere usemje på ein respektfull måte og finne fram til vedtak som får fleirtal.

Fundamentet i samfunnet og demokratiet vårt er lokalsamfunna og kommunane. Ei god kommunelov som legg rammer for eit godt fungerende lokaldemokrati med ytringsfridom og deltaking, er svært viktig for å bygge eit godt samfunn for alle.

Ein samla komité går inn for desse endringane i kommunelova som regjeringa kjem med i denne proposisjonen. Det at lova har gode paragrafar om når og korleis arbeidsutval skal veljast og oppløysast, er nyttig, og eg merkar meg at det har vore stor semje om endringsforslaga i høyringa om lovendringane.

Eg kom inn som nytt medlem i kommunal- og forvaltingskomiteen på slutten av handsaminga av denne saka, men eg synest at forslaga ser veldig fornuftige ut, og at dei legg til rette for ein god balanse mellom behova for fleksibilitet og struktur.

Eg synest forslaga om at det er kommunestyret og ikkje kommunedirektøren som skal tilsetje eventuelle kommunale ombod, gjev ei fornuftig spreiding av makt, noko som styrkjer lokaldemokratiet. Dei foreslegne paragrafane for korleis ein skal handtere situasjonar der

dei som er valde, må tre ut av verv som kommunestyremedlem, og paragrafane om når og korleis setjemedlemmer skal veljast, synest eg også er ei forbetring. Det er viktig å ha desse reglane på plass.

Eg synest det er bra at interkommunale råd får fellesnemninga IPR. Det gjer desse råda, som rundt om i landet kan ha mange rare namn, meir gjenkjennelege for folk som ikkje er innanfor systemet i det daglege. Dei presiserande orda kommunalt oppgåvefellesskap i § 19-1 synest eg også forsterkar den rolla desse råda skal ha.

Det er også bra at det i § 23-6 fjerde ledd blir presisert at kontrollutvalet skal varslast om møte i generalforsamling og representantskap, og at det blir tydeleggjort at kontrollutvalet har rett til å vere til stades i desse møta. Det er dessverre eksempel på saker der det har føregått uryddige disposisjonar i kommunale selskap, så denne presiseringa er veldig bra.

Alt i alt trur eg at desse endringsforslaga i kommunelova vil gje endå betre rammer for at lokaldemokratiet skal fungere godt og fylle den viktige rolla det har på vegner av folket. Gode lover er gull for demokratiet, og SV støttar lovendringane i kommunelova.

**Statsråd Sigbjørn Gjelsvik [09:20:28]:** Regjeringa foreslår nokre innhaldsmessige endringar og presiseringar som følgje av dei første erfaringane med kommunelova. Eg er glad for at vi får desse justeringane på plass no, og at vi dermed kan gje god rettleiing til kommunane om reglane før valet.

Eg vil kommentere nokre av forslaga. For det første foreslår vi endringar i reglane om arbeidsutval. Det vil gje dei folkevalde organa som opprettar arbeidsutval, større myndigheit over eigne arbeidsutval. Dei folkevalde organa som opprettar arbeidsutvalet, skal no sjølve velje nye medlemmer, og det folkevalde organet kan sjølv omorganisere og leggje ned arbeidsutvalet. Dette er ei forenkling samanlikna med dagens reglar sidan det i dag berre er kommunestyret som kan gjere det.

For det andre skal no medverknadsråd kunne opprette arbeidsutval på same vilkår som andre folkevalde organ. Lovendringa vil leggje betre til rette for at medverknadsråda kan vareta si rolle. Dette har vore ei etterspurd endring.

For det tredje foreslår vi at forholdsval kan gjerast ved å vise stemmeteikn. Det vil seie at kommunane sjølve kan velje om dei vil bruke skriftleg avrøysting eller stemmeteikn. Endringane vil gje kommunane større handlefridom.

For det fjerde foreslår regjeringa ei ny føresegn om setjemedlemmer. Dette vil gje dei folkevalde større fridom til å bestemme kven som kan veljast. Føresegna vil gje moglegheit til å oppretthalde den politiske samansettinga i folkevalde organ som vart framforhandla ved konstitueringa.

Eit femte forslag handlar om å opne fleirtalsval. Fleirtalsval skal m.a. brukast ved val av leiar og nestleiar i folkevalde organ og ved tilsetjing av kommunedirektør. Dette er viktige funksjonar i kommunane, og innbyggjarane bør difor få innsyn i desse vala. Lovforslaget presiserer at slike val skal skje ope ved å vise stemme-teikn. Det vil ikkje vere høve til å halde slike val hemmelege.

Nokre høyringsinstansar peika samstundes på at val av leiar og nestleiar i ungdomsråda ikkje bør vere opne, sidan opne val kunne gjere terskelen høgare for å stille til val. Dette er viktige omsyn. Av den grunn føreslår regjeringa at kvar einskild medlem av ungdomsrådet kan krevje lukka skriftleg avrøysting ved val av leiar og nestleiar.

Avslutningsvis: Regjeringa føreslår òg nokre andre endringar og klargjeringar i denne proposisjonen, og samla vil lovendringane bidra til ei framleis god og tydeleg kommunelov.

**Presidenten [09:23:17]:** Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 2.

Sak nr. 3 [09:23:20]

*Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringar i lov om interkommunale selskaper (møteoffentlegheit, økonomiforvaltning m.m.) (Innst. 323 L (2022–2023), jf. Prop. 61 L (2022–2023))*

**Rune Støstad (A) [09:23:53]** (ordfører for saken): Denne saken handler om å tilpasse lov om interkommunale selskap, IKS-loven, til den rollen og de oppgavene et interkommunalt selskap har i dag. IKS-loven ble opprettet i 1999, og i starten hadde IKS-selskapene i hovedsak oppgaver av forretningsmessig karakter. I de senere årene har vi sett at kommunene legger flere oppgaver til interkommunale selskap, oppgaver som bl.a. brann, renovasjon, legevakt og andre lovpålagte oppgaver. Dermed er det ikke lenger bare oppgaver av forretningsmessig karakter, og da er det også nødvendig å justere lovverket. Det gjelder på områder som møteoffentlighet, taushetsplikt og justering av økonomireglene, i tillegg til å redusere statens rolle i organiseringen av selskapet.

Den kanskje viktigste endringen i IKS-loven berører helt sentrale prinsipp og verdier i vårt demokratiske samfunn, nemlig åpenhet og tilgang på informasjon. Når flere lovpålagte oppgaver legges inn i interkommunale selskap, vil aktiviteten ha større allmenn interesse. Representantskapet er det øverste organet i et IKS, og med ny lov vil møteoffentlighet gjelde i det organet. Reglene om møteoffentlighet innebærer krav om åpne møter, kunngjøring av møter, og at både møteinnkallingen,

saksdokument og protokoller er lett tilgjengelig for alle. Da blir det de samme reglene for interkommunale selskap som for møter i folkevalgte organ i kommuner og fylkeskommuner. Da blir det mulig å følge med på beslutningsgrunnlaget i interkommunale selskap, og det er enklere å ettergå vedtakene i etterkant.

Dagens regjering er opptatt av offentlighetsloven, og meroffentlighet skal praktiseres i alle offentlige virksomheter. Det kommer også tydelig fram i Hurdalsplattformen. Offentlighetsloven og meroffentlighet er viktige verdier i vårt demokratiske samfunn, og god tilgang på informasjon er en forutsetning for ytringsfrihet.

Med de store oppgavene kommunene har foran seg, vil trolig enda flere kommunale oppgaver løses i interkommunale selskap, noe også generalistkommuneutvalget har pekt på. Nå sikrer vi at innbyggere, organisasjoner og media får bedre tilgang på informasjon om det som skjer i disse selskapene. Lovendringen gir større legitimitet til de interkommunale selskapene, og det vil styrke tilliten til det offentlige og til lokaldemokratiet.

En samlet komité står bak innstillingen, og jeg takker komiteen for samarbeidet med saken.

**Birgit Oline Kjerstad (SV) [09:27:19]:** For SV, som er eit raud-grønt sosialdemokratisk parti, er det grunnleggjande at ein del oppgåver er offentlege oppgåver som ikkje skal drivast for å maksimere profit, men først og fremst for å møte behovet til innbyggjarane i fellesskap. Typisk slike oppgåver er helsetenester, eldreomsorg, skule, vassforsyning og avfallshandtering mv.

Så er det fleire av desse oppgåvene som etter kvart er blitt organiserte i interkommunale selskap der fleire kommunar slår seg saman for å løyse oppgåver på vegner av innbyggjarane, fordi det er meir kostnadseffektivt og praktisk å samarbeide om tiltaka enn at kvar kommune skal halde på med sitt opplegg.

Interkommunale selskap er ei særskild selskapsform for kommune og fylkeskommune. IKS-lova var opphavelig tenkt å gjelde oppgåver med forretningsmessig preg, men i dag blir selskapsforma brukt for å løyse mange lovpålagde oppgåver for kommunane.

Endringane i lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap, Prop. 61 L for 2022–2023, er justeringar for å harmonisere IKS-lova med økonomireglane i kommunelova frå 2018. Det er ei styrking av demokratiet og openheit, og det er SV glad for. SV meiner at desse lovendringane er med på å tydeleggjere det særmerkte med slike offentleg eigde selskap. Det er innbyggjarane sine selskap, og då er det bra at innbyggjarane sin rett til innsyn, demokratisk styring, formelle krav til innkalling, møte, styre, representantskap, referat, ansvar og plikter blir tydeleggjorde i lova. Ein heimel for når møte kan

lukkast, kva krav som må vere oppfylte for å lukke eit møte, er det også veldig bra at kjem på plass.

Det er viktig at selskap som er eigde av mange i fellesskap, og som forvaltar store verdier på vegner av oss alle, har tydelege formelle rammer for aktiviteten, og at det blir praktisert stor openheit. Det er viktig at eigarane – som er vi, folket – gjennom kommunane har innsyn og styring.

SV er glad for denne proposisjonen, og vi støttar dei framlagde lovendingane. Eg synest lovendingane ser fornuftige ut, og eg vil tru dei vil gje betre og tydelegare rammer for både å opprette, styre og oppløse interkommunale selskap og dessutan sikre nødvendig innsyn og openheit rundt drifta av desse selskapa.

**Statsråd Sigbjørn Gjelsvik [09:30:09]:** Det er eit grunnleggjande prinsipp at kommunar og fylke har fri-dom til sjølve å velje på kva måte dei organiserer seg med omsyn til oppgåveløysinga. Dei kommunane som ønskjer å samarbeide med andre kommunar om oppgåveløysinga, må då ha ei samarbeidsform som er eigna. Vi veit at interkommunale selskap er ei samarbeidsform som vert nytta av kommunane. Alle kommunar i Noreg er med i minst eitt interkommunalt selskap.

Lova om interkommunale selskap vart vedteken i 1999, og eg legg i dag fram forslag til nokre oppdateringar av lova. Endringane handlar i hovudsak om at samarbeidsforma IKS skal kunne fungere godt som samarbeidsform og vere tilpassa dei oppgåvene som IKS-ar løyser.

Regjeringa føreslår at møta i representantskapet i interkommunale selskap som offentleglova gjeld for, skal følgje dei same reglane om møteoffentlegheit som kommunale organ, kommunale føretak og interkommunale samarbeid etter kommunelova.

Reglane om møteoffentlegheit inneber krav om opne møte, kunngjering av møte og tilgjengeleggjering av møteinnkallingar, saksdokument og protokollar. Vi føreslår vidare at teiepliktsreglane i forvaltingslova skal gjelde for dei som utfører tenester eller arbeid for eit interkommunalt selskap som offentleglova gjeld for.

I lovproposisjonen føreslår vi òg fleire justeringar i økonomiføresegnene i IKS-lova. Justeringane er i hovudsak for at reglane for økonomiforvaltninga til IKS-ar framleis skal vere lik reglane for kommunane si økonomiforvaltning, dvs. ei harmonisering med kommunelova frå 2018. Blant anna presiserer vi reglane om at IKS ikkje skal drive slik at eigenkapitalen vert negativ.

Vidare føreslår regjeringa å redusere rolla staten har i organiseringa av selskapa. Det vert m.a. føreslått å fjerne kravet om at departementet skal godkjenne oppløysinga av eit IKS. Proposisjonen inneheld vidare forslag om presisering av styreansvaret, krav om tal på styre-

medlemer, godtgjering og at avtaleval skal kunne nyttast når kommunestyret vel medlemer til representantskapet.

Eg meiner endringane regjeringa føreslår i denne proposisjonen, gjer at lova om interkommunale selskap er godt tilpassa dei oppgåvene kommunar og fylkeskommunar brukar samarbeidsforma til, og eg er glad for at eit breitt fleirtal på Stortinget sluttar seg til det her.

**Presidenten [09:32:55]:** Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 3.

Sak nr. 4 [09:32:58]

*Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringar i Finnmarksloven (endringar som følgje av delinga av Troms og Finnmark fylke) (Innst. 322 L (2022–2023), jf. Prop. 62 L (2022–2023))*

**Presidenten [09:33:13]:** Etter ønske fra kommunal- og forvaltningskomiteen vil presidenten ordne debatten slik: 3 minutter til hver partigruppe og 3 minutter til medlemmer av regjeringen.

Videre vil det – innenfor den fordelte taletid – bli gitt anledning til inntil fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen, og de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får også en taletid på inntil 3 minutter.

**Terje Sørvik (A) [09:33:49]** (ordfører for saken): Komiteen har i denne innstillingen behandlet endringer i Finnmarksloven som følge av deling av Troms og Finnmark fylke tilbake til de opprinnelige to fylkene fra før sammenslåingen i 2020. Finnmarksloven gjelder forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark. Endringene i loven medfører navneendringer, og forvaltning av oppgavene i loven legges til Finnmark fylke.

Komiteen inviterte til skriftlig høring i behandlingen. Det kom ingen skriftlige innspill.

Det er en samlet komité som fremmer tilrådingen i saken, og jeg vil takke komiteen og komitéråden for samarbeidet.

**Statsråd Sigbjørn Gjelsvik [09:34:49]:** Som følge av at Stortinget har vedteke at Troms og Finnmark fylke skal delast frå 1. januar 2024, og Finnmark igjen vert eit eige fylke, må det òg gjerast endringar i Finnmarkslova.

Finnmarkslova gjeld forvaltning av grunn og naturressursar i Finnmark fylke. Lova vart vedteken i 2005 av eit breitt og tverrpolitisk fleirtal i Stortinget. I samband med samanslåinga av fylka Troms og Finnmark vedtok Stortinget endringar i Finnmarkslova. Dette var reglar om det geografiske verkeområdet for lova, val av medlemmar til styret i Finnmarkseiendommen og re-



glar for utdeling av overskot. Disse endringane var påkravde fordi nemninga Finnmark fekk endra tyding i lova.

Når Finnmark no igjen vert eit eige fylke, må dette gjerast om. I lova er det vist til Troms og Finnmark fylke, Troms og Finnmark fylkeskommune og Troms og Finnmark fylkesting. Regjeringa gjer framlegg om å endre lova slik at det vert vist til instansane i Finnmark. På denne måten vil ein gå tilbake til ordninga som var før fylkeskommunane Troms og Finnmark vart samanslegne.

Når det gjeld statsforvaltaren, gjer regjeringa framlegg om å utforme føresegnene slik at det vil fungere uavhengig av korleis den geografiske inndelinga er mellom dei ulike statsforvaltarembeta. Dei endringane regjeringa gjer framlegg om, er altså tekniske endringar der regjeringa inviterer Stortinget til å gjere dei endringane som er naudsynte i samband med at Finnmark vert eit eige fylke igjen.

Når departementet vurderer endringane i Finnmarkslova, har departementet plikt til å tilby Sametinget konsultasjonar. Sametinget har ikkje ønskt å konsultere om desse endringane, men viser til standpunktet dei hadde i konsultasjonane om endringane i Finnmarkslova då fylka vart slegne saman. Troms og Finnmark fylkeskommune fekk òg høve til å kome med innspel til forslaget. Dei meinte det ikkje var behov for det.

Eg er glad for at komiteen samla støttar regjeringa sitt forslag om endringar i Finnmarkslova.

**Presidenten [09:37:14]:** Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 4.

Sak nr. 5 [09:37:17]

*Interpellasjon fra representanten Anne Kristine Linnestad til kommunal- og distriktsministeren:*

*«Solberg-regjeringen prioriterte digitalisering av offentlig sektor for å forenkle, fornye og forbedre hverdagen for innbyggere og næringsliv. Det ble blant annet investert i digitale fellesløsninger og innført insentiver for samarbeid og innovasjon på tvers av sektorer og forvaltningsnivåer. En offentlig sektor som ikke henger med i svingene på digitalisering vil medføre store kostnader og ulemper for folk og bedrifter.*

*Hva gjør regjeringen for å fortsette arbeidet med å modernisere offentlig sektor?»*

**Anne Kristine Linnestad (H) [09:38:11]:** Norge har kommet langt i arbeidet med digitalisering. Vi har en befolkning med høy digital kompetanse, vi har konkurransedyktige bedrifter og mange gode digitale løsninger. Men vi må digitalisere mer for å gjøre offentlig sektor mer tilgjengelig for å gjøre innbyggernes og bedrift-

enes hverdag bedre og enklere. Regjeringen Solberg la bl.a. fram *En digital offentlig sektor: Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019–2025*, nettopp for å forenkle, fornye og forbedre hverdagen for innbyggere og næringsliv. Det er bl.a. investert i digitale fellesløsninger og innført insentiver for samarbeid på tvers av sektorer og forvaltningsnivåer. Hensikten med strategien var å understøtte digital transformasjon i hver enkelt virksomhet og i offentlig sektor som helhet.

Verden står ikke stille, og den snurrer kanskje enda fortere rundt nå enn den gjorde i 2019. Det er fremdeles et stort potensial for å utnytte ny og digital teknologi for å tilby innbyggere og næringsliv enda bedre tjenester og legge til rette for en enklere hverdag for oss alle. Ved å digitalisere mer kan det flyttes ressurser fra administrasjon til bedre velferdstjenester. Digitalisering frigjør ressurser som kan brukes i f.eks. helse, skole og samferdsel. Teknologien innebærer store utfordringer, men også muligheter. Gjennom å automatisere arbeidsprosesser i offentlig sektor og ta i bruk nye teknologier kan offentlige virksomheter benytte ressursene mer effektivt for bedre og mer innovative tjenester til den enkelte bruker.

En offentlig sektor som derimot ikke henger med i svingene, vil kunne føre til unødvendig store kostnader og ulemper for folk og bedrifter – og ikke minst for offentlig sektor i seg selv. Så hva gjør regjeringen for å fortsette arbeidet med å modernisere offentlig sektor?

**Statsråd Sigbjørn Gjelsvik [09:40:20]:** For Senterpartiet og Arbeidarpartiet i regjering er det grunnleggjande viktig å leggje til rette for at folk skal kunne bu, arbeide og leve eit godt liv, i heile Noreg. Ein heilt avgjerande faktor for det er at vi for det første sørgjer for å ha dei grunnleggjande strukturane på plass. Vi må sørgje for at alle i heile Noreg, både husstandar, verksemdar og offentleg verksemd, har tilgang på moderne høgshastigheitsbreiband, at vi i tillegg har godt utbygde mobilnett, at ein sørgjer for ein sikker og trygg infrastruktur, og at ein òg satsar vidare på forsterka ekom – eksemplvis.

Det er utruleg viktig at vi fokuserer vidare på digitalisering innanfor offentleg sektor. Eit digitalt taktskifte handlar sjølvstøtt om løyvingar i budsjett. I budsjettet for inneverande år er det godt over milliarden til ulike digitaliseringstiltak, mange av dei viktige digitaliseringstiltak i offentleg sektor, men det er òg viktig korleis vi på andre område bidrar til å setje digitalisering i fokus.

I førre veke gav Digitaliseringsdirektoratet tilsegn om medfinansiering til bl.a. Folkehelseinstituttet, Direktoratet for byggkvalitet og UDI. Til saman vart det gjeve tilsegn på 132,5 mill. kr. Prosjekta vil ha stor samfunnsøkonomisk lønsemd. Dei åtte prosjekta som det til

saman er snakk om, som no har fått førebels tilsegn om midlar, har til saman ein netto noverdi på om lag 1,4 mrd. kr over ti år. Dei omfattar nytteeffektar i statleg, kommunal og privat sektor, og dessutan hos innbyggjarane.

Tida tillèt ikkje å gå i djupna på alle enkelttiltak som regjeringa har jobba med, men eg vil nemne nokre konkrete eksempel på både modernisering og digitalisering som er viktige for innbyggjarane, og som er høgt prioriterte av regjeringa.

Det eine er modernisering på innkrevjingsfeltet. Skatteetaten er i gang med det store moderniseringsprogrammet sitt for statleg innkrevjing. Programmet, som skal gå over sju år, vil gje store gevinstar for offentlig forvaltning, næringsliv og innbyggjarar. For å oppnå størst moglege gevinstar har programmet ei heilskapleg og samordna tilnærming til regelverksutvikling, prosessutvikling og teknologiutvikling. Skatteetaten samarbeider med fire andre etatar, politiet, Nav, Brønnøysundregistra og Lånekassa, for å utvikle samanhengande tenester. Når fleire etatar samarbeider om å utvikle samanhengande tenester, oppnår både innbyggjarar og næringsliv store gevinstar. Programmet skal bl.a. samordne alle utleggprosessar, slik at arbeidsgjevarane får eit samla utleggstrekk per tilsett via a-ordninga. Dette gjev store forenklingar for arbeidsgjevarane og betre personvern for dei tilsette. Programmet skal òg forenkle livsløpet til små næringsdrivande i enkelt-personføretak og mindre AS ved å gjere økonomisk informasjon og framtidige betalingskrav tilgjengelege på ein betre og meir oversiktleg måte for nyetablerte verksemdar. Dette vil òg førebygge gjeldsproblem.

Eg vil òg nemne den omfattande digitaliseringa som skjer i helse- og omsorgstenesta. Regjeringa vil bygge vidare på dei nasjonale e-helseløysingane. Slik vil vi få kommunane og sjukehusa til å jobbe betre saman og få på plass ny teknologi og nye system som heile helsetenesta har behov for. Dette er det felles grunnlaget til helse- og omsorgstenesta for sikker deling av helseopplysningar. Næringa kan lage gode og innovative løysingar basert på data i dei nasjonale komponentane.

Alle som har behov for sikker og brukarvenleg digital identitet, skal få det. Det er målet i den nye nasjonale strategien til regjeringa for e-ID i offentlig sektor. Noreg er eit føregangslannd innan digitalisering, men enkelte grupper fell utanfor. I eit moderne samfunn er ein elektronisk ID, eller e-ID, inngangsporten til mykje av det ein treng i livet, både banktenester, helseinformasjon og kommunikasjon med Nav eller skatteetaten. For dei som ikkje får e-ID på høgt tryggingnivå, vert livet sett på hald. Viktige mål og tiltak i strategien er difor bl.a. at alle som har behov, skal få tilgang til ein sikker og brukar-

venleg digital identitet. Ein skal greie ut korleis ein kan lage sikre og brukarvenlege digitale løysingar.

Eg vil òg understreke at det vert gjort mykje viktig digitaliseringsarbeid på andre felt, bl.a. i Kartverket og Direktoratet for byggkvalitet, som er viktig for både kommunar, fylke og ikkje minst innbyggjarane.

**Anne Kristine Linnestad (H) [09:45:42]:** Jeg vil takke statsråden for et grundig svar, men vil følge opp noen punkter. Gjennom DSOP samarbeider finansnæringen og en rekke statlige aktører om digitalisering av viktige prosesser i samfunnet, og per i dag deltar – som ministeren sa – skatteetaten, Brønnøysundregistrene, Digdir, Nav, politiet og Kartverket. Allerede realisererte prosjekter og prosjekter underveis har hittil estimert gevinster for offentlig sektor, bedrifter og forbrukere på nærmere 50 mrd. kr med full utnyttelse, regnet over en tiårsperiode. I tillegg fører prosjektene til mer brukervennlige og tryggere digitale løsninger, som ikke utelukkende kan regnes i kroner og øre.

Samtidig er det viktig at man klarer å sørge for et regelverk som er tilpasset digitale prosesser. Eksisterende regelverk bør kanskje endres slik at de åpner for digitalt førstevalg. En nøkkel til slike offentlig-private samarbeidsprosjekter er mer effektiv bruk og deling av data. Det opprinnelige formålet for datainnhenting kan i noen tilfeller legge begrensninger på videre deling, og partene kan også være underlagt ulike regelverk som kan ha betydning for hva som kan deles.

Statsråden nevnte a-ordningen, som er et konkret eksempel på et forenkling- og effektiviseringsprosjekt på pensjonsområdet. Her får pensjonsleverandører av privat tjenstepensjon tilgang til opplysninger om inntekts- og arbeidsforhold fra skatteetaten og Nav til ajourhold av tjenstepensjonsavtalen. Ordningen vil gi næringslivet en stor besparelse fordi arbeidsgivere nå kun må rapportere ett sted. Det vil gi riktigere og mer effektiv beregning av pensjonsinnskudd og dessuten bidra til bedre datakvalitet i a-ordningen for oppfølging og kontroll.

Dagens regelverk gjør imidlertid at leverandører av offentlig tjenstepensjon ikke har hjemmel til å gjenbruke opplysningene fra a-ordningen på lik linje med de private. Det kan gi svært stor verdi for f.eks. kommuner, fylkeskommuner og helseforetak, som ikke administreres av Statens pensjonskasse, dersom leverandører av offentlig tjenstepensjon også får nødvendige hjemler, slik at opplysninger fra a-ordningen kan gjenbrukes til ajourhold av offentlige tjenstepensjonsordninger, på lik linje med leverandører av privat tjenstepensjon.

Det er behov for langsiktighet, forutsigbarhet og tilstrekkelig finansiering for å sikre suksess for digitalise-

ringsprosjektene, og det trengs handlekraft og initiativ. Hvilke vurderinger har regjeringen gjort rundt mulige tilpasning av regelverk og lover for å støtte digitale prosesser og effektiv og trygg datadeling, og hvilke konkrete planer har regjeringen for å følge dette opp?

**Statsråd Sigbjørn Gjelsvik [09:48:45]:** Eg takkar interpellanten for eit viktig initiativ og tydelege og gode innspel til regjeringa sitt arbeid. Som eg viste til allereie i mitt første svar, vert det gjort eit viktig og stort arbeid i offentleg sektor, på ulike nivå og i ei rekkje statlege etatar, for både betre koordinering og betre informasjonsflyt. Samtidig er eg oppteken av at vi skal vareta personvernet – bl.a. i forholdet mellom skatteetat, politi og Nav – og difor er det viktig at vi heile tida jobbar med god regelverksutvikling som er tilpassa den nye verkelegheita vi står i, der ein har auka bruken av digitale løysingar.

Eg vil òg framheve at digitalisering innanfor offentleg sektor er viktig på ein brei skala av område. Eg nemnde på slutten av mitt førre innlegg at det innanfor både Kartverket og Direktoratet for byggkvalitet er store og pågåande prosessar som er viktige for å kunne effektivisere og gjere slik at kostnader for kommunar og fylke går ned. Det inneber at ein kan få meir effektive prosessar når det gjeld tidsbruk, og ikkje minst levere betre tenester til både innbyggjarar og næringsdrivande rundt i Noreg. Blant anna gjer Kartverket eit stort og viktig arbeid med digital høgdemodell som er utruleg spennande og viktig. Det er kjempeeffektivt og vil gje betre planlegging ute i kommunane med omsyn til å modellere – i ei tid med større klimaendringar, større konsekvensar av klima og klimatilpassing i kommunane – korleis effekten av ulike tiltak vil kunne slå ut, kvar det er trygt å planleggje, kvar ein bør vere på vakt, og kva som er konsekvensane av ulike val ein tek.

Tilsvarande gjeld det ein allereie gjer knytt til marine grunnkart. Dei prosjekta ein har hatt med det, er viktige arbeid som bør vidareførast for å dokumentere dei store verdiane vi har langs kysten og i hava våre, men òg for korleis vi skal finne fram til den rette balansen mellom næringsutvikling og det å vareta av viktige miljø- og naturkvalitetar.

Heilt avslutningsvis har eg lyst til å framheve den kjempestore og viktige jobben som vart gjord av ei rekkje aktørar innanfor offentleg verksemd, bl.a. Digitaliseringsdirektoratet, då ein fekk ei stor tilstrøyming av flyktningar til Noreg, for å sørge for at dei raskt kunne få ein digital identitet og slik ikkje måtte setje livet sitt i Noreg på vent i lang tid. Det har ein jobba målretta og effektivt med.

**Anne Kristine Linnestad (H) [09:52:10]:** Jeg registrerer at i statsrådets svar fikk jeg egentlig ikke noe svar.

Det var ikke så mye om regler, lover og endringer av disse i det svaret, slik jeg kunne høre, og marine grunnkart skal Stortinget behandle om ikke så lenge.

Jeg har brukt mye av våren på å besøke både kommuner og bedrifter som effektiviserer prosesser og bedrer kvaliteten i offentlige tjenester, og det bekymrer meg at flere kommuner og offentlige virksomheter ikke prioriterer å teste ut digitale løsninger, særlig ikke på repetitive oppgaver. Ofte finnes det gode løsninger, men få kommuner tar dem i bruk. I Trondheim kommune har de brukt kunstig intelligens for å forutsi arbeidsbehov, slik at ansatte jobber når behovet er størst. Det betyr at arbeidet oppleves mer forutsigbart, samtidig som kvaliteten på tjenestene øker og sykefraværet går ned.

I Midt-Telemark har de automatisert besøksplanleggingen i hjemmetjenesten. Det kommer oftere et kjent ansikt inn døren til brukerne, og ansatte bruker mer tid med brukeren enn på bilkjøring mellom dem. Som en spin-off kan Midt-Telemark nå planlegge arbeidsstyrken bedre i forhold til behovet. De ansatte og brukerne opplever kontinuitet og økt kvalitet på tjenestene, og behovet for vikarer er redusert.

Skal vi klare å levere velferd til fellesskapet i møte med de demografiske utfordringene vi vet kommer, er vi avhengige av å gjøre mer med de ressursene vi allerede har. Slik jeg ser det, vil kunstig intelligens kunne være nøkkelen til å effektivisere arbeid som frigjør mer tid til bedre tjenester og menneskelig omsorg.

Så hva mener egentlig regjeringen om bruk av kunstig intelligens i offentlig sektor, og har de en konkret plan som skal sørge for at flere kommuner tar i bruk ny teknologi bl.a. for å bedre velferdstjenestene?

**Statsråd Sigbjørn Gjelsvik [09:54:20]:** Eg registrerer at det har vore ein diskusjon i det offentlege dei siste vekene om kunstig intelligens. Det ligg ein eksisterande strategi for kunstig intelligens, med nokre viktige prinsipp som vi styrer etter, og som vi jobbar målretta etter i ulike samanhengar, og som oppdaterer korleis vi jobbar når det gjeld kunstig intelligens.

Så vil eg seie at omgrepet «kunstig intelligens» er av og til litt framandgjerande, i tillegg til at det er eit sekkeomgrep som inneheld og rommar veldig mykje forskjellig. Når ein i desse dagar snakkar om kunstig intelligens, tenkjer dei fleste kanskje på chatte-robotar og nye funksjonalitetar som bl.a. har dukka opp på Snapchat, men kunstig intelligens handlar om så mykje meir.

Eksempelvis: Eg besøkte Haukeland sjukehus litt tidlegare i år og såg korleis dei jobbar med bl.a. prosjekt knytt til kunstig intelligens i kreftbehandling. Kvifor det? Jo, for det første fordi radiologar er ein avgrensa ressurs. Vi har store utfordringar. Dessverre er det mange som får kreft i det norske samfunnet, men heldigvis er

det mange som får god behandling og har gode prognosar. Men skal ein klare å utvikle gode tenester, eksempelvis innanfor kreftbehandling, handlar det òg om korleis ein på ein sikker og trygg måte tek i bruk ny teknologi. Det er nettopp det eg var inne på i mitt førre svar, og som eg starta svaret mitt til Linnestad med, då ho spurde om regelverksutvikling. Helseområdet er nettopp eit område der ein har sett på korleis ein kan ta i bruk kunstig intelligens, og der ein har regelverksutvikling for å ramme inn i kva slags samanhengar ein skal bruke det.

Så er det framleis slik at det er folk som i siste instans sit og gjer eit arbeid, som brukar den viktige kunnskapen som ein får gjennom nye automatiserte prosessar, der ein kan få inn meir informasjon om bl.a. prøvesvar innanfor kreft, og som kan gje betre prognosar og betre tenester for dei det gjeld.

På mange område vert det gjort eit kjempeviktig arbeid, òg innanfor næringslivet og i dialog mellom offentleg og privat sektor, i skjeringspunktet der. Det er

nokon i debatten som nærmast framstiller det som at det er snakk om ja eller nei til kunstig intelligens. Det handlar om at vi skal ta i bruk ny teknologi på ein fornuftig måte som varetek personvernet, og som ser på dei moglegheitene som det gjev.

**Presidenten [09:57:18]:** Debatten i sak nr. 5 er dermed omme.

Sak nr. 6 [09:57:21]

#### *Referat*

**Presidenten [09:57:22]:** Det foreligger ikke noe referat.

Dermed er dagens kart ferdig behandlet. Forlanger noen ordet før møtet heves? – Så synes ikke, og møtet er hevet.

Møtet hevet kl. 9.58.

---







